

Nye Sogndal kommune

Prosjektgruppe for felles kultur, identitet og symbol.

Møte 15.1.2017. Statens hus, Leikanger.

Tilstades:

Aud Kari Isane(leiar), Rita Navarsete, Trude Risens.
Forfall: Kjetil Kvåle, Frode Bøthun.
Mellombels prosjektleiar for fellesnemnda: Kjellaug Brekkhus
Sekretær : Johannes Sjøtun

Sak 1: Oppstart og plan for arbeidet.

Fellesnemnda har i møte 1.12.2017 i sak 22/17 gitt prosjektgruppa følgjande mandat:

- *Utarbeide forslag til kommunevåpen, kommuneflagg, ordførarkjede og eventuelle andre symbol.*
- *Utarbeide felles kultur- og aktivitetsprogram for den nye kommunen i perioden 2018-2020, samt bidra til gjennomføring*

Gruppa drøfta forståing av mandatet. Ein oppfattar oppgåva til å vere å lage framlegg til eit «kultur og aktivitetsprogram» som omfattar alle innbyggjarane og ikkje berre kommunal sektor.

Gruppa ønskjer å få til ein god prosess omkring symbol(kommunevåpen og slagord). Her vil prosessen har ein eigenverdi og kan implementerast som ein del av aktivitetsprogrammet som vil skal fremje felles kultur og identitet.

I arbeidet ønskjer gruppa å engasjere frivillig sektor, næringsliv og innbyggjarar elles med målsetting om mellom anna å skape felles identitet og nye relasjonar på tvers av dei gamle kommunegrensene. Ein vil sjå litt på korleis andre liknande prosessar har vore gjennomført.

Proessen bør kunne munne ut i visjon og kjerneverdier for den nye kommunen i tillegg til symbol som framgår av mandatet. Det er viktig å få fram det beste i dei tre kommunane.

Ein vil legge opp til aktivt bruk av media i arbeidet med tanke på å nå fram og engasjere så breidt som mogeleg. Informasjon ut om aktivitetane som vert iverset: Heimesidene, Sogn avis og evt andre kanalar?

Gruppa ser det ikkje som naudsynt å ha tillitsvald som fast medlem i gruppa. Men tillitsvalde vert invitert til å delta på møte for å drøfte konkrete framlegg på eit seinare tidspunkt.

Førebels aktivitetsplan «kommunevåpen og slagord»:

Tiltak	Kven	Korleis	Frist	Ansvar	Budsjett
Konkurranse: Forslag til kommunevåpen og slagord	Invitere breidt: Skular, barnehagar, næringslivet, lag og foreiningar. Folk flest	Invitere på heimesidene, gjennom Sogn avis, direkte kontakt med skular og organisasjonar - Arbeide på skulen, i barnehagen - Heime. - Tilrettelegge for «arbeidsverkstader, td i samband med Balejazz og/eller andre arr.	Sende ut invitasjonar: 10. mars 2018 Levere inn forslag: 15.juni.2018		
Innkomne forslag grovsortering	Nemnda				
«Folkeavstemming» Folkets favoritt					
Vurdering av eigen jury					
Invitere profesjonelle Inkl grafisk profil.					
Produktet ferdig			Innan 1.1.2020		

Førebels aktivitetsplan «Andre tiltak for å bygge felles kultur »:

Tiltak	Korleis	Føremål	Frist	Ansvar
«Bli kjent fond» ?	Støtte arrangement i regi av lag/org.			
Felles møtepunkt	Felles møtepunkt. Td. Balejazz	Tiltak for å få politikarane til å «like» kvarandre. (trygghet, respekt, felles kultur.)		
	Spørje personar og institusjonar utanfor den nye kommunen. t.d naboar, NRK,mv: Korleis ser de på oss?- Kven tenker de at vi er?	Bevisstgjere felles identitet		

Vidare arbeid i prosjektgruppa:

Oppgaver fram til neste møte, 5 februar:

1. Tenke gjennom: korleis invitere? Kva slag arenaer som kan nyttast.?
2. Undersøke nærare om erfaringar frå andre kommunesamanslåingsporsessar.
 - Trude ringer Molde
 - Rita ringer Stad
3. Aud Kari lagar forslag til tidslinje.

6.februar: Orienterer fellesnemnda om arbeidet så langt.

8.mars: Presentere for fellesnemnda framlegg til opplegg til arbeidet, tidslinje og budsjett.

4. Neste møte: måndag 5 febr kl 09.00 Balestrand.

Johannes Sjøtun

Ref.